

Presentasjon av styremedlemmar og varamedlemmar innstilt til styret i Rogaland Bondelag 2024



Ståle Hustoft, på val

Eg er 44 år, gift med Åsne og pappa til fire ungar frå 3 til 9 år. Er utdanna agronom og overtok heimegarden i 2006. Her mjølkar me 85 tonn mjølk i lausdrift, har nokre ammekyr og om lag 40 sauer. Eg har jobba fleire år som lærar og miljøarbeidar på folkehøgskule og vidaregåande skule, vore kommunal landbruksvikar og barne- og ungdomsarbeidar. Styreerfaring frå 5 år som AU medlem og GENO-kontakt i lokalt produsentlag, styreleiar i rekneskapslag og

kyrkjelege fellesråd og fleire andre verv innan landbruk og frivillig arbeid. I Bondelaget starta eg som styremedlem nokre år tidleg på 2000-talet. Vart vald til leiar i Tysvær bondelag i 2020.



Reinert Idsø, ikkje på val

Eg er 49 år, bor på Idse i Strand kommune. Bor sammen med Anita og våre to barn på 14 og 15. Eg har og to 2» bonusbarn» på 25 og 28 år.

Er oppvokst på gården som eg overtok i 2007. Driver med melk, storfekjøtt og sau. Har kvote på 190.000 ltr. der 60.000 ltr. er leigd. I tillegg driv eg med snøbrøyting og salting av kommunale veier om vinteren. Eg er utdanna agronom ved vinterlandbrukskulen i Ryfylke. Har vært i styret i Strand Bondelag siden 2015. Først 3 år som kasserer og som leder siden 2018.



Jakob Eskeland, ikkje på val

Eg er 43 år. Født og oppvaksen i Etne i Hordaland. Eg er gift med Borghild som er lærar, og har 3 barn. Me kjøpte eit gardbruk i 2011 med mjølkeproduksjon i Øvre Vats. Er aktiv deltakar i samdrift med naboen, og produksjonen er ca. 460 tonn mjølk, fårar fram ca. 2/3 av stutane og har 45 vinterfôra sau som har sommarbeite på Haukelifjell. Om vinteren jobbar eg litt som tømrrar, og om våren og sommaren

driv eg med leigekøyring med slangespreiing. Eg er utdanna tømrrar og agronom. Eg har vore lokallagsleiar i Etne bondelag i to år, og i Vats bondelag i 5 år.



R.B.U, Norsvin og Tine m.m

Magnhild Hobberstad Aanestad, ny

Eg er 33 år og kommer fra Varhaug i Hå kommune. Er gift med Jan Ove, vi har til sammen 5 barn mellom 5 og 20 år. Utdanna agronom ved Øksnavad vgs. Vi over tok min heimegard i 2017. Her driver vi med 227 tonn melk, eigd og leid og kombinert produksjon med gris. Har tidligere hatt verv i V.B.U,



Anbjørn Grønning, ny (tidligere 2.vara)

Eg er 32 år. Oppveksten har vært på gard hele tiden. Er samboer og har en liten sønn per i dag. Liker å jobbe med dyrene, jorda og naturen. Fikk begynne å drive gården i 2014 av min far som ville gi i fra seg. Begynte med en forpkningsavtale. Kjøpte gården i 2019. Driver med ammeku, sau og slaktekylling. Har ca.18 mordyr. Ca. 45 vinterfôra sau og produserer ca. 145000 slaktekylling i året. Er utdanna agronom og yrkessjåfør. Driver gård på Helleland i Egersund kommune. Har vært leder i Helleland Bondelag i 2 år og er enda med i styret til Helleland bondelag. Er opptatt av at alle skal ha en trygg og god arbeidsdag og en skal trives med det en jobber med.



1.vara. Åsbjørn Høyland.

Eg er 42 år, gift med Åse-Marie og saman har me 3 barn frå 10 til 16 år. Me driv gard på Nærbø i hå kommune. Eg har vore bonde sidan 2002, då overtok eg garden heime. I 2011 overtok me og kona sin heimegard, og sidan det har begge vore bønder. Hovudproduksjonen er mjølk og storfekjøtt. Ca 250 storfe. Me har og ein konsesjon slaktegris, litt korn og ein liten flokk sauer.

Eg er utdanna agronom. Har vore leiar i Nærbø bondelag, er for tida styreleiar i hå rekneskapslag, har og vore med i styret i Norsvin Rogaland.



2. vara. Harald Velde

Driv garden eg er oppvaksen på i Vats i Vindafjord i lag med kona Camilla Torland Velde. Me har omlag 25 ammekyr og 25 sauer og leiger ut mjølkekvota., Me omset alt kjøttet sjølv, hovudsakleg gjennom Reko-ringar.

Kona er på fulltid i gardsdrifta medan eg arbeider og er deleigar i Velde Maskin AS som driv med sal og service av hovudsakleg landbruksmaskinar, tidlegare arbeidsgjeverar har vore Tveit Regnskap og Tveit vgs. Eg er også medeigar og sjåfør i Tempo gras DA - grasentreprenør. Eg er for tida nestleiar i Vats Bondelag, aktiv speidarleiar, og styremedlem i Vatsvatnet grunneigarlag, Biobonden AS og Forum Ku.



3. vara. Håvard Skavland

Eg er 47 år og kommer fra den lille øya Talgje i Stavanger kommune. Jeg driver med tomatproduksjon og det har jeg gjort siden jeg var 18 år. Siste 10 årene har vi gjort store investeringer, og nå har vi 25 mål under glass. Kona er fullt med i driften og vi har 3 barn fra 19-22 år. Jeg brenner for å få utvidet norskandelen på norsk frukt og grønt, samt kunne jobbe for å bli konkurransedyktige mot import i et presset marked.